



NVE

Etne, 31.10.2016

Dykkar ref.:

Vår ref.:

Arkiv:

Sakshandsamar:

16/1186/16/1174 N - 654  
2

BEH

**Utbygging av Løkjelsvatn kraftverk - Litledalen. Fråsegn frå Etne kommune.**

Etne kommunestyre - 076/16:

Det er gjort følgjande vedtak i saka:

**Samrøytes**

Etne kommune er positiv til omsøkte planar for utbygging av Løkjelsvatnet kraftverk. Vedlagte konsekvensutgreiing gir eit godt og tilrekkeleg grunnlag for å fatte avgjerd i saka.

Tiltaket inneber ei naudsynt oppgradering og utviding av eksisterande anlegg og gir ei betre utnytting av kraftressursane i vassdraget. Konsekvensutgreiinga syner stor overvekt av positive verknadar kontra negative. Tiltaket ligg klart innanfor det styresmaktene kan gi løyve til ved fornying og opprusting av kraftanlegg i verna vassdrag. Planområdet er allereie sterkt påverka av vassdragsinngrep, og dei nye inngrepa er relativt avgrensa sett oppimot dette.

Utover dette har Etne kommune følgjande innspel:

1. Om bruk av overskotsmassar:
  - a. Etne kommune og SKL legg opp til ein prosess for auka samfunnsmessig bruk av delar av massane. Auka samfunnsnytte er eit viktig kompenserande tiltak i høve til deponering. Kommunen meiner at ev. endringar av deponia i utforming og volum må kunne godkjennast i samband med detaljplanar for desse.
  - b. Grunna nemnte prosess er det viktig for oss å ikkje ekskludere alternativ 2 for deponiplass ved Skarstøl frå planane, då denne har potensiale for høgare samfunnsnytte enn alternativ 1. Vi vurderer skilnaden i naturverdiar mellom dei to områda til å vere avgrensa og for små til å vere avgjerande for val av lokalitet.
  - c. Eksisterande kantvegetasjon ved Hardelandsvatn må ikkje skadast av deponi.
  - d. Det må lagast rutinar for å peike ut og sortere gode steinmassar i planområdet



(m.a. av gneis), sidan desse har høgare samfunnsmessig verdi enn fyllitt.

2. Regelverk for bruk av offentleg veg i området, særskilt knytt til akseltrykk, må gå fram av kontraktar med entreprenørar og underentreprenørar. Det må lagast rutinar for melding av skadar på veg eller anlegg langs veg etc., og oppfølging av avvik.
3. Etne kommune syner elles til framlegga til avbøtande tiltak i konsesjonssøknaden, inkl. punkta om samarbeid med grunneigarar og lokalsamfunn, m.a. vedrørande tiltak for å redusere ulemper i anleggsfasen. Kommunen ønsker å få den omtalte miljøoppfølgingsplan til gjennomsyn for moglege innspel.
4. Omsøkte tiltak blir tekne med i arbeidet med ny i kommuneplanens arealdel for Etne kommune. I høve til dagens plan blir det gitt dispensasjon, jf. § 19 i plan- og bygningslova.

Etne kommune v/ ordførar signerer utbyggingsavtalen med SKL, slik han ligg føre datert 25.10.16. Kommunen sitt kontaktutval held fram dialogen med selskapet, jf. t.d. pkt. III a) om detaljar vedrørande bruk av overskotsmassar. Rådmannen peiker ut representantar frå administrasjonen til oppfølgjande arbeid knytt til ulike punkt i avtalen.

Med helsing

Beate Hetleflåt  
informasjonskonsulent

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*



# SAKSUTGREIING

## ETNE KOMMUNE

Utval	Møtedato	Saknr
Formannskap	25.10.2016	075/16
Etne kommunestyre	25.10.2016	076/16

Sakshandsamar:	Arkiv:	Arkivsaknr
Erik Kvalheim	N - 654	16/1186

### Utbygging av Løkjelsvatn kraftverk - Litledalen. Fråsegn frå Etne kommune.

#### TILRÅDING FRÅ RÅDMANNEN:

Etne kommune er positiv til omsøkte planar for utbygging av Løkjelsvatnet kraftverk. Vedlagte konsekvensutgreiing gir eit godt og tilrekkeleg grunnlag for å fatte avgjerd i saka.

Tiltaket inneber ei naudsynt oppgradering og utviding av eksisterande anlegg og gir ei betre utnytting av kraftressursane i vassdraget. Konsekvensutgreiinga syner stor overvekt av positive verknadar kontra negative. Tiltaket ligg klart innanfor det styresmaktene kan gi løye til ved fornying og opprusting av kraftanlegg i verna vassdrag. Planområdet er allereie sterkt påverka av vassdragsinngrep, og dei nye inngrepa er relativt avgrensa sett oppimot dette.

#### Utover dette har Etne kommune følgjande innspel:

##### 1. Om bruk av overskotsmassar:

1. Etne kommune og SKL legg opp til ein prosess for auka samfunnsmessig bruk av delar av massane. Auka samfunnsnytte er eit viktig kompenserande tiltak i høve til deponering. Kommunen meiner at ev. endringar av deponia i utforming og volum må kunne godkjennast i samband med detaljplanar for desse.
2. Grunna nemnte prosess er det viktig for oss å ikkje ekskludere alternativ 2 for deponiplass ved Skarstøl frå planane, då denne har potensiale for høgare samfunnsmessig verdi enn alternativ 1. Vi vurderer skilnaden i naturverdiar mellom dei to områda til å vere avgrensa og for små til å vere avgjerande for val av lokalitet.
3. Eksisterande kantvegetasjon ved Hardelandsvatn må ikkje skadast av deponi.
4. Det må lagast rutinar for å peike ut og sortere gode steinmassar i planområdet (m.a. av gneis), sidan desse har høgare samfunnsmessig verdi enn fyllitt.

1. Regelverk for bruk av offentleg veg i området, særskilt knytt til akseltrykk, må gå fram av kontraktar med entreprenørar og underentreprenørar. Det må lagast rutinar for melding av skadar på veg eller anlegg langs veg etc., og oppfølging av avvik.

1. Etne kommune syner elles til framlegga til avbøtande tiltak i konsesjonssøknaden, inkl. punkta om samarbeid med grunneigarar og lokalsamfunn, m.a. vedrørande tiltak for å redusere ulemper i anleggsfasen. Kommunen ønskjer å få den omtalte miljøoppfølgingsplan til gjennomsyn for moglege innspel.

1. Omsøkte tiltak blir tekne med i arbeidet med ny i kommuneplanens arealdel for Etne kommune. I høve til dagens plan blir det gitt dispensasjon, jf. § 19 i plan- og bygningslova.

Etne kommune v/ ordførar signerer utbyggingsavtalen med SKL, slik han ligg føre datert..... Kommunen sitt kontaktutval held fram dialogen med selskapet, jf. t.d. pkt. III a) om detaljar vedrørande bruk av overskotsmassar. Rådmannen peiker ut representantar frå administrasjonen til oppfølgjande arbeid knytt til ulike punkt i avtalen.

#### **25.10.2016 Formannskap**

Informasjon frå rådmann: 25.10.16 skal førast inn i framlegg til vedtak som signeringsdato på avtalen.

#### **F- 075/16 Vedtak:**

#### **TILRÅDING FRÅ FORMANNSKAP TIL KOMMUNESTYRE: Samrøystes**

Etne kommune er positiv til omsøkte planar for utbygging av Løkjelsvatnet kraftverk. Vedlagte konsekvensutgreiing gir eit godt og tilrekkeleg grunnlag for å fatte avgjerd i saka.

Tiltaket inneber ei naudsynt oppgradering og utviding av eksisterande anlegg og gir ei betre utnytting av kraftressursane i vassdraget. Konsekvensutgreiinga syner stor overvekt av positive verknadar kontra negative. Tiltaket ligg klart innafor det styresmaktene kan gi løye til ved fornying og opprusting av kraftanlegg i verna vassdrag. Planområdet er allereie sterkt påverka av vassdragsinngrep, og dei nye inngrepa er relativt avgrensa sett oppimot dette.

#### Utover dette har Etne kommune følgjande innspel:

1. Om bruk av overskotsmassar:

1. Etne kommune og SKL legg opp til ein prosess for auka samfunnsmessig bruk av delar av massane. Auka samfunnsnytte er eit viktig kompenserande tiltak i høve til deponering. Kommunen meiner at ev. endringar av deponia i utforming og volum må kunne godkjennast i samband med detaljplanar for desse.

2. Grunna nemnte prosess er det viktig for oss å ikkje ekskludere alternativ 2 for deponiplass ved Skarstøl frå planane, då denne har potensiale for høgare samfunnsnytte enn alternativ 1. Vi vurderer skilnaden i naturverdiar mellom dei to områda til å vere avgrensa og for små til å vere avgjerande for val av lokalitet.
3. Eksisterande kantvegetasjon ved Hardelandsvatn må ikkje skadast av deponi.
4. Det må lagast rutinar for å peike ut og sortere gode steinmassar i planområdet (m.a. av gneis), sidan desse har høgare samfunnsmessig verdi enn fyllitt.

1. Regelverk for bruk av offentleg veg i området, særskilt knytt til akseltrykk, må gå fram av kontraktar med entreprenørar og underentreprenørar. Det må lagast rutinar for melding av skadar på veg eller anlegg langs veg etc., og oppfølging av avvik.

1. Etne kommune syner elles til framlegga til avbøtande tiltak i konsesjonssøknaden, inkl. punkta om samarbeid med grunneigarar og lokalsamfunn, m.a. vedrørande tiltak for å redusere ulemper i anleggsfasen. Kommunen ønskjer å få den omtalte miljøoppfølgingsplan til gjennomsyn for moglege innspel.

1. Omsøkte tiltak blir tekne med i arbeidet med ny i kommuneplanens arealdel for Etne kommune. I høve til dagens plan blir det gitt dispensasjon, jf. § 19 i plan- og bygningslova.

Etne kommune v/ ordførar signerer utbyggingsavtalen med SKL, slik han ligg føre datert 25.10.16. Kommunen sitt kontaktutval held fram dialogen med selskapet, jf. t.d. pkt. III a) om detaljar vedrørande bruk av overskotsmassar. Rådmannen peiker ut representantar frå administrasjonen til oppfølgjande arbeid knytt til ulike punkt i avtalen.

## **25.10.2016 Etne kommunestyre**

### **K- 076/16 Vedtak: Samrøystes**

Etne kommune er positiv til omsøkte planar for utbygging av Løkjelsvatnet kraftverk. Vedlagte konsekvensutgreiing gir eit godt og tilrekkeleg grunnlag for å fatte avgjerd i saka.

Tiltaket inneber ei naudsint oppgradering og utviding av eksisterande anlegg og gir ei betre utnytting av kraftressursane i vassdraget. Konsekvensutgreiinga syner stor overvekt av positive verknadar kontra negative. Tiltaket ligg klart innafor det styresmaktene kan gi løyve til ved fornying og opprusting av kraftanlegg i verna vassdrag. Planområdet er allereie sterkt påverka av vassdragsinngrep, og dei nye inngrepa er relativt avgrensa sett oppimot dette.

Utover dette har Etne kommune følgjande innspel:

1. Om bruk av overskotsmassar:

1. Etne kommune og SKL legg opp til ein prosess for auka samfunnsmessig bruk av delar av massane. Auka samfunnsnytte er eit viktig kompensererande tiltak i høve til deponering. Kommunen meiner at ev. endringar av deponia i utforming og volum må kunne godkjennast i samband med detaljplanar for desse.
2. Grunna nemnte prosess er det viktig for oss å ikkje ekskludere alternativ 2 for deponiplass ved Skarstøl frå planane, då denne har potensiale for høgare samfunnsmessig verdi enn alternativ 1. Vi vurderer skilnaden i naturverdiar mellom dei to områda til å vere avgrensa og for små til å vere avgjerande for val av lokalitet.
3. Eksisterande kantvegetasjon ved Hardelandsvatn må ikkje skadast av deponi.
4. Det må lagast rutinar for å peike ut og sortere gode steinmassar i planområdet (m.a. av gneis), sidan desse har høgare samfunnsmessig verdi enn fyllitt.

1. Regelverk for bruk av offentleg veg i området, særskilt knytt til akseltrykk, må gå fram av kontraktar med entreprenørar og underentreprenørar. Det må lagast rutinar for melding av skadar på veg eller anlegg langs veg etc., og oppfølging av avvik.

1. Etne kommune syner elles til framlegga til avbøtande tiltak i konsesjonssøknaden, inkl. punkta om samarbeid med grunneigarar og lokalsamfunn, m.a. vedrørande tiltak for å redusere ulemper i anleggsfasen. Kommunen ønskjer å få den omtalte miljøoppfølgingsplan til gjennomsyn for moglege innspel.

1. Omsøkte tiltak blir tekne med i arbeidet med ny i kommuneplanens arealdel for Etne kommune. I høve til dagens plan blir det gitt dispensasjon, jf. § 19 i plan- og bygningslova.

Etne kommune v/ ordførar signerer utbyggingsavtalen med SKL, slik han ligg føre datert 25.10.16. Kommunen sitt kontaktutval held fram dialogen med selskapet, jf. t.d. pkt. III a) om detaljar vedrørande bruk av overskotsmassar. Rådmannen peiker ut representantar frå administrasjonen til oppfølgjande arbeid knytt til ulike punkt i avtalen.

## **SAKSUTGREIING:**

### **Bakgrunn for saka:**

NVE sendte 07.07.16 SKL sin konsesjonssøknad for Løkjelsvatn kraftverk ut på høyring. Det blir søkt om løyve etter vassressurslova, energilova, oreigningslova og forureiningslova.

Høyringsfrist er 31.10.16. Kommunen, berørte grunneigarar o.a. har vore informert om søknaden på møte med SKL i planfasen. NVE arrangerte ope møte i Etne 28.09.16.

### **Problemstilling:**

Omsøkt tiltak er ei omarbeidning av utbyggingsplanane til Haugaland Kraft for Nye Etne. Etne kommune (EK) gav uttale til konsekvensutgreiingsprogrammet for Nye Etne i k-sak 09/14. NVE har vurdert at den justerte søknaden ikkje medførte behov for ny høyring av KU-program. Justert prosjekt inneheld ikkje lenger planar om to småkraftverk i fjellet slik som Nye Etne hadde, og fører ikkje endringar til i Kritlestrenget til Hjørnåsvatnet og vatna ovanfor. Heller ikkje endring i reguleringshøgder. Totalkostnad er 425 mill. kr. (kor av 235 mill. er bygg og anlegg, 130 mill. elektromekanisk utstyr og 60 mill. for planlegging/administrasjon/prosjektering), med byggefase på om lag 3 år og ferdigstilling innan utgangen av 2021, slik at ein får grøne sertifikat. Framdriftsplanen føreset at OED gir løyve medio 2018.

Sakspapira ligg på NVE si heimeside:

<https://www.nve.no/konsesjonssaker/konsesjonssak?id=7222&type=V-1>

Kortfatta informasjonsbrosyre ligg som eigen link på sida, likeeins KU med vedlegg, info om Nye Etne mm. Vi klipper inn tekst frå konsesjonssøknaden under her, dvs. samandraget, ein del illustrasjonar og nokre viktige kapittel om deponi/overskotsmassar, veganlegg, manøvreringsreglement og samfunnsnytte. For grundigare innføring og andre tema syner vi til rapportane på linken.

## **Samandrag**

Konsesjonssøknaden gjeld Løkjelsvatn kraftverk i Etne kommune, Hordaland fylke. Løkjelsvatn kraftverk er ei oppgradering og utviding av dei eksisterande Hardeland- og Litledalen kraftverk. Bakgrunnen er at etter mange års drift er det naudsynt med ei omfattande rehabilitering. I staden for å rusta opp eksisterande anlegg, ynskjer SKL å bygge eit nytt anlegg i form av ny vassveg og kraftstasjon. Tiltaket inneber ei betra utnytting av kraftressursen i vassdraget enn alternativet med framleis drift av dagens anlegg. Tiltaket gir auka effektivitet, lågare drifts- og vedlikehaldskostnadene og ei betre tilpassing til dagens kraftregime.

Kraftverket vil nytte fallet mellom Løkjelsvatnet og Litledalsvatnet, som i dag blir produsert i dei to eksisterande kraftverka. Dette medfører at aggregata som produserer frå Løkjelsvatnet til Hardelandsvatnet blir tatt bort, medan kapasiteten i Litledalen kraftverk mellom Hardelandsvatnet og Litledalsvatnet vert redusert ved at eitt av to aggregat vert fjerna. Det gjennverande aggregatet i Hardeland har stort rehabiliteringsbehov og vert erstatta. Det blir etablert om lag 3,5 km vassførande tunnel mellom inntak og utløp med tverrsnitt på 18 m<sup>2</sup>. Kraftverket får ein installert effekt på 60 MW og ein midlare årsproduksjon på 163 GWh. Innvunnen ny energi blir om lag 20 GWh.

Overskuddsmassar frå tunneldrift er rekna til 250 000 m<sup>3</sup> og er planlagt deponert i tre massedeponi, høvesvis ved tipp Litledalen, tipp Hardeland og tipp Skarstøl. Tiltaket nytter eksisterande vegar, med nokre oppgraderinger. Kraftverket nytter eksisterande linje frå Hardeland til Litledalen og koplar seg der på Haugaland Kraft sitt koplingsanlegg. Hovuddata for kraftverket vises i tabellen under.

Hovuddata Løkjelsvatn kraftverk	Eining	Verdi
Nedbørfelt	km <sup>2</sup>	32,6
Årleg tilsig	mill.m <sup>3</sup>	110,0
Slukeevne	m <sup>3</sup> /s	12,3
Planlagt minstevassføring	m <sup>3</sup> /s	1,5
Installert effekt	MW	60
Produksjonsauke vinter (1/10 - 30/4)	GWh	27
Produksjonsauke sommar (1/5 - 30/9)	GWh	-7
SUM Produksjonsauke årleg middel	GWh	20
Utbyggingskostnad	mill. kr	425

Fordelane ved utbygginga kan opsummersas i følgjande punkt:

- Tiltaket aukar produksjonen, samt at ein større del av totalproduksjonen vil kunna produserast om vinteren
- Den auka produksjonen er godt regulert kraft. Utbygginga vil også auka effektreserven i kraftsystemet.
- Det kan ventast auka tilsig på grunn av klimaendringar, jfr. rapportar frå FNs klimapanel. Dersom dette skjer, vil verdien av prosjektet auka ytterlegare.
- Tiltaket fører til auka verdiskaping lokalt, og inntekter regionalt til eigar- og vertskommunane.
- Auka minstevassføring i nasjonalt laksevassdrag
- Utfasing av eldre kraftanlegg

### Avbøtande tiltak

Litledalsvassdraget er verna (Verneplan IV) og er eit nasjonalt laksevassdrag. Ved tiltak og endringar i laksevassdrag vert det lagt stor vekt på å unngå skadeverknader for villaksen gjennom tilpassingar og kompenserande tiltak. Tiltakshavar sitt forslag til avbøtande tiltak er som følger:

- Det vert foreslått at regulant skal sikra ei minste vassføring i Sørelva oppstraums utlaupet av Høylandselva på 1,5 m<sup>3</sup>/s heile året.
- Utlaupet frå Løkjevatn kraftverk vert lagt til eksisterande utlaupskanal frå Litledalen kraftverk, slik at eventuelle endringar i strøymingstilhøve i Litledalsvatnet blir minst mogleg.
- Tippene vert utforma og tilpassa terrenget i størst mogleg grad. Tippen ved Litledalsvatnet aukar eksisterande jordbruksareal, medan tippene ved Hardeland og Skarstøl vert lagt i terrenget og revegetert med massar på staden. I tillegg vil SKL vera i dialog med lokale grunneigarar og Etne kommune om alternativ bruk av massar. Det vert utforma ein landskaps- og miljøplan som skal sendast inn for godkjenning hjå styresmaktene. Planen er bindande for arbeidet som skal utførast.
- Det skal utarbeidast ein miljøoppfølgingsplan som omfattar konkrete tiltak for å førebygga ureining, tiltak ved uhell, varslings og oppfølgingsrutinar. Planen skal også ivareta innbyggjarar og andre i Litledalen i anleggsfasen i høve til støy og anleggstrafikk. Miljøoppfølgingsplanen er bindande for arbeidet som skal utførast.

### Konsekvensar


Konsekvensane for miljø og samfunn er vurdert til å vera små eller uvesentlege.

Tabellen visar konsekvensgrad i anleggs- og driftsfasen, vurdert av konsulent. For meir utfyllande informasjon, viser vi til konsekvensutgreiingane for de ulike fagtema.

Fagtema	Konsekvensgrad	
	Anleggsfasen	Driftsfasen
Landskap	Middels negativ	Liten negativ
Naturmiljø på land	Liten negativ	Middels negativ
Akvatisk naturmiljø	Liten negativ	Liten negativ
Kulturminne og kulturmiljø	Ubetydelig-liten negativ <sup>1</sup>	Ubetydelig-liten negativ
Ureining	Middels negativ	Liten negativ
Naturressursar	Liten-middels negativ	Ubetydelig
Næringsliv og sysselsetting	Middels positiv	Ubetydelig
Tenestetilbod og kommunal økonomi	Liten positiv	Middels positiv
Befolkningsutvikling og bustadbygging	Ubetydelig	Ubetydelig
Sosiale og helsemessige forhold	Ubetydelig	Ubetydelig
Friluftsliv	Ubetydelig-liten negativ	Ubetydelig
Reiseliv	Ubetydelig-liten negativ	Ubetydelig

<sup>1</sup> Fysiske beslag vil vera av permanent karakter og følgjeleg vurdert under driftsfasen

---Sitat samandrag slutt---



Figur 2-1.


### 2.1.3 Massedeponi

Figur 2-1 viser område avsett til massedeponi. Det er planlagt ein tipp i området rundt avlaupstunnelen ved Litledalsvatnet. Denne er lokalisert på begge sider av røygata til Litledalen kraftverk og er enkelte stader i rapporten frå konsulent omtalt som to tippar. I tillegg er det planlagt ein tipp ved påhogg tilkomsttunnel ved Hardeland kraftverk, og ein tipp ved påhogg tverslagstunnel, Skarstøl. Her er det også lagt inn eit alternativ for deponi. Figur 2-4 til Figur 2-6 gir ei visualisering av tippene. Endeleg formgjeving av tippene som heilskapleg landskapstilpassing vil bli gjort ved utarbeiding av landskaps- og miljøplanen.

Som vist i Tabell 2-3 inneber prosjektet at om lag  $250\ 000\ m^3$  med laus sprengstein må deponeras på tipp. Ved utrekning av overskotsmassar frå tunneldrifta er det nytta ein utvidingskoeffisient på 1,8. Massane vert fordelt med om lag  $125\ 000\ m^3$  ved Litledalen, om lag  $89\ 500\ m^3$  ved Hardeland, og om lag  $35\ 500\ m^3$  ved tverslag Skarstøl.

Tippen ved Litledalen vil løfta og utvida eksisterande jordbruksareal. Tippene ved Hardeland og Skarstøl vil revegterast med masser frå staden.





Figur 2-2 Prinsippskisse av tiltaket



Figur 2-4 Visualisering av tipp ved Litledalen kraftstasjon. Før øvst og etter nedst. Ny utlaupskanal kan verta noko breiare enn visualisert. Endeleg plassering vert fastsatt i detaljplanlegginga.

(auka nyoppdyrka areal etter anleggsfasen er det som ligg inst på biletet, innom røyrgata)



Figur 2-5 Visualisering av tipp ved Hardeland kraftverk. Før øverst og etter nedst.

(eksisterande kantvegetasjon langs Hardelandsvatnet, som er nemnt i tilrådinga, kan sjåast

på det øvste biletet)



Figur 2-6 Visualisering av tipp Skarstøl. Før og etter. Nedst: alternativ tipp

(kommunevegen til høgre, parkeringsplassen i enden ligg ovom den mørke fjellskjeringsa)

#### 2.1.6. *Tilkomstvegar...*

På vegne av SKL har Statnett Transport gjort ei vurdering av vegen frå Etne sentrum til Skarstøl. Deira konklusjon er at fylkesvegen FV 37 frå E134, til bruа i Litledalen kan nyttast til tungtransport, men bruа må oppgraderast for å vera robust nok til å fåla transport av planlagt transformator. Her må ein bygga ei ny bru nedstraums den eksisterande, og med retning som for veglinja.

Vegen vidare mellom Litledalen og Hardeland (KV30) er tidvis for smal, og fleire svingar oppover treng utbetringar for at transporten skal vera mogleg. Tilkomsttunnelen til kraftstasjonen får påhogg ved eksisterande Hardeland kraftverk. Bruа over til Hardeland kraftstasjon må forsterkast, eventuelt erstattast, for å kunne nyttast for tilkomst til påhogget. Frå Hardelandsvatnet og opp til tverrlag Skarstøl er vegen brukbar, bortsett frå at den må ha eit nytt dekke.



Figur 2-8 Et stykke av vegen mellom Litledalen og Hardeland må oppgraderast

## 4 Forslag til manøvreringsreglement

Litledalsvassdraget er regulert og gjeldande manøvreringsreglement vart fastsett ved Kronprinsregenten sin resolusjon av 23. august 1957. Reglementet finst i vedlegg F. Det er foreslått at det i samband med konsesjonen vert gitt eit felles oppdatert manøvreringsreglement for heile vassdraget. Det er foreslått endringar i kravet til minstevassføring og justering av reguleringsgrenser slik at dei blir relatert til høgdegrunnlag NN2000, og at alle eksisterande overføringer vert spesifisert i manøvreringsreglementet.

### I. Reguleringer

Reguleringsgrensene for vatna vil vera uendra. Det er rett nok foreslått at reguleringsgrensene vert justert slik at dei stemmer overeins med høgdesystemet NN2000. Dei konkrete justeringane som følgje av dette må vi koma tilbake til i løpet av søknadsprosessen.

### II. Overføringer

Det er ingen endringar i overføringer i vassdraget. Det er foreslått at eksisterande overføringer vert spesifisert i manøvreringsreglementet.

### III. Minstevassføring

Det er foreslått at regulanten skal sikra ei vassføring i Sørelva oppstraums utlaupet av Høylandselva på 1,5 m<sup>3</sup>/s heile året.

Forslag til manøvreringsreglement er gitt i vedlegg G.

## 7 Andre samfunnsmessige fordeler

Ei opprusting av kraftverka i Etne vil gje om lag 20 GWh ny fornybar kraft i eit allereie utbygd vassdrag. Dette er regulerbar kraft som vil hjelpe til betre kraftoppdekking regionalt og nasjonalt. Dette vil også betra forsyningstryggleiken i regionen.

Regulanten foreslår eit skjerpa krav til minstevassføring i Sørelva, både i høve til gjeldande krav, men også i høve til den praktiserte minnelege avtalen mellom Sørelva elveeigarlag og regulant. Dette er venta å betra tilhøva for laks i Sørelva.

I samband med bygginga vil det vera naudsynt å utbetra delar av dei eksisterande vegane mellom Litledalen og reguleringsmagasina. Deler av vegen er bratt og har krappe svingar. Ei utbetring vil gjera vegen tryggare for både lokale og andre som skal opp på fjellet.

Prosjektet vil også gje samfunnsmessige ringverknader i form av auka skatteinntekt til kommune, fylke og stat.

Ved utbygging av Løkjelsvatn kraftverk er det venta at det vil vera behov for om lag 50-60 personar i ein byggeperiode på tre år. Ein kan også venta at bygginga vil gi konsumverknadar, ved kjøp av forbruksvarer og tenester lokalt.

Drift av kraftverket vil ikkje gje nye årsverk lokalt. SKL har i forlenginga av inngått samarbeidsavtale, intensjon om å inngå utbyggingsavtale med Etne kommune.

Sitat frå søknad slutt...

---

### Vurdering

Utbygginga vil gi inntekter til kommunen, mest knytt til eigedomskatt i anleggstida for åra 2018, 2019 og 2020. SKL har rekna denne til å bli om lag 5,9 mill. kr. i til saman. I driftsfasen er inntektsauka på eigedomsskatt knytt til auka i produksjon, dvs 20 GWh. Denne skatten er basert på snittet av kraftproduksjonen siste 7 år, der også varierande straumpris speler inn. 10 % auka produksjon vil utgjere 200.000-350.000 kr. pr. år i ekstra inntekt i høve til i dag,

fasa inn gradvis over 7 år, med max. beløp etter 7 år.

I tillegg vil der bli noko verdiskaping i anleggsfasen. Anleggsarbeidet vil gi auka etterspurnad etter varer og tenester, som er positivt, men vanskeleg å talfeste. Kor stor verdiskapinga blir, er m.a. avhengig av kva for firma som vinn anbod. Det er i alle høve forventa at ein del lokale entreprenørar og transportørar vil få oppdrag. Utover dette gir tiltaket ikkje nemneverdig auke i andre inntekter til EK, slik som t.d. konsesjonskraft og konsesjonsavgift. Der er oppgitt ei auke i naturressursskatten på 220.000 kr/år, men etter det vi veit vil denne inngå i inntektsutjamninga for kommunen, så det er ikkje pengar vi vil sjå noko til. Meir info om økonomi og sysselsetting i KU s. 177-180.

Som KU syner er der altså relativt små negative verknadar knytt til omsøkt utbygging, ulempene er i hovudsak knytt til anleggsfasen, og varige inngrep til dei tre massedeponia. Det er gjort framlegg om ein del avbøtande tiltak, som vil redusere ulempene ytterlegare. Planområdet er allereie sterkt berørt av inngrep. Deponiet i Litledalen vil gi auka areal dyrka mark etter anleggsfasen. Ein del av overskotsmassane vil bli nytta til samfunnsgagnlege føremål. Utbygginga er ei naudsynt opprusting og oppgradering av dagens anlegg.

I høve til vassføringa i Sørelva, så er det dokumentert at der er liten fare for at småfisk eller elvemusling (15 individ funnet i 2015) strandar grunna opphold mellom periodar med kjøring av kraftverka; Litledalsvatnet har her ein viktig utjamnande funksjon. Tilhøva for laksefisk synast å bli betre enn i dag, ved at restvassføringa aukar. Det er planlagt å kjøre meir vatn om vinteren, men om lag uendra om sommaren, så ein forventar ikkje at ulepper med vassjuk dyrka mark langs vassdraget vil auke vesentleg. Der er likevel allereie kome høyringsinnspeil om dette, sjå link til NVE. Rådmannen forventar at dette er tilhøve som blir gjort opp mellom partane; også når det gjeld ev. avbøtande tiltak, tilbod om massar for heving av dyrka mark etc.

Kommunen si hovedoppgåve i høyringsfasen er å gi uttale om offentlege og lokale interesser. Det er naturlegvis vanskeleg å setje ei klar grense over mot direkte private interesser, men vi føreset at berørte grunneigarar, fiskerettshavarar o.a. gir eigne innspeil. Fylkesmannen vil gi innspeil om naturfaglege spørsmål, og fylkeskommunen m.a. om kulturminne, så vi går ikkje djupare inn i desse fagområda her, men syner til vedlegga på link. Kommunen har saman med representantar frå Etne elveeigarlag teke del i ei arbeidsgruppe for fisk sidan starten på Nye Etne, så vi har også hatt høve til å kome med innspeil undervegs.

---

Det er framforhandla forslag til ein utbyggingsavtale med SKL. Det blei i samband med melding om KU for Nye Etne inngått ei samarbeidserklæring med Haugaland Kraft. Avtalen med SKL er ei monaleg utviding av denne; både i innhald/detaljeringsgrad og om ytingar og økonomi mm. Der ligg inne ytingar frå begge partar i utbyggingsavtalen, m.a. om overskotsmassar, miljøplan for Sørelva, bruk og opprusting av kommunale vegar mm. I botn ligg eit punkt om å ikkje krevje revisjon av konsesjonen, slik det også var med Haugaland Kraft. Revisjonar gjeld mest miljøomsyn o.l., og ein kan t.d. ikkje krevje næringsfond eller andre økonomiske ytingar utover det som alt ligg inne. NVE har uttrykt at dei slit med å prioritere revisjonar, for tida er der også mange kraftsøknadar som treng vedtak, slik at dei rekk å få grøne sertifikat. Så også for SKL i Litledalen.

For utbyggingsavtalen yt SKL ei godtjersle til EK med ein samla verdi på 5,0 mill kr.; dei dekker også juridisk bistand for EK frå LVK, Landssamanslutninga for vassdragskommunar. SKL har grunna tungtransport behov for å oppgradere kommunal veg frå Litledalen til Hardeland; dette er førebels rekna å ha ei verdi på kring 7 mill. kr. (til 10 tonns akseltrykk). Arbeidet inkluderer asfaltering etter anleggsfasen. Mange svingar treng breiddeutviding, men SKL ser ikkje å ha behov for nye møteplassar utover dette. Når det gjeld samarbeid om overskotsmassar, så skal detaljane arbeidast vidare med seinare, jf. punkt III a). Avtaleforslaget er ikkje endeleg godteke av partane, så der kan kome endringar fram mot endeleg vedtak i kommunestyret. I punkt IV h) ligg inne ein intensjon om å vidareføre dialogen rundt ev. overtaking av SKL sitt kloakkanlegg i Litledalen. SKL brakte dette temaet inn i forhandlingane, men EK sitt forhandlingsutval ønska ikkje dette inn i avtalen, men at det ev. kjem opp som eiga sak. Om andre punkt i avtalen syner vi til vedlegget.

Vedrørande samfunnsgagnleg bruk av overskotsmassar, så veit vi i dag ikkje i kor stor grad dette er aktuelt for dei ulike deponia, sidan vi her i stor grad er avhengig av innspel utanfrå. SKL er sjølv grunneigarar på deponiplassane ved Hardeland kraftverk og Skarstøl/Kritlelia, og kan såleis styre ein del meir enn om dei ikkje var det. I Litledalen vil dei inngå ein privatrettsleg avtale med grunneigar Johannes Onstein.


Sidan vi er førebels er tidleg i planfasen, er det derimot viktig å ikkje avgrense moglegheitene for bruk av massane no. T.d. kan alternativ 2 ved Skarstøl moglegvis synast å ha høgare potensiale for samfunnsgagnleg bruk enn alt. 1 - det er derfor ikkje ønskeleg at NVE tek alt. 2 ut av planane no. KU-konsulentane har vurdert at alt. 2 har litt høgare verdi vedrørande natur/vegetasjon. Rådmannen meiner dette ikkje er tilrekkeleg til å kutte ut alt. 2; skilnaden er relativ og området er ikkje markert som viktig naturtype i EK og fylkesmannen si kartlegging frå 2009. Elles så håper vi at NVE vil tillete at justert volum og utforming av deponiområda kan godkjennast i samband med detaljteikningane, som tiltakshavar må sende inn i alle høve før ferdigstilling.

Tunnelmassane er i hovudsak fyllitt/glimmerskifer, som generelt har lågare samfunnsmessig nytteverdi enn t.d. gneis. Av geologiske kart ser det ut å finnast noko amfibolittisk gneis i dalbotnen av området Litledalen-Hardeland, Det er då viktig å lage rutinar for fortløpende vurdering av kvaliteten her, for å kunne skilje ut desse massane under anleggsarbeidet. Fyllitt er derimot bra som fyllmasse, t.d. til landbruksføremål. For øvrig ser vi av NVE sitt Skredatlas at der er noko potensiell skredfare i delar av Litledalen og Hardeland. Såleis er det en moglegheit å vurdere om fyllmasse bør leggjast opp som skredvollar, for å sikre verdiar i nærliken (inkl. SKL sine eigne verdiar, t.d. ved Hardeland kraftstasjon).

---

Om søknaden sitt tilhøve til kommuneplanens arealdel for EK:

Tiltak som får konsesjon etter anna lovverk, t.d. vassressurslova, har fritak for handsaming etter plan- og bygningslova (pbl), så lenge det er i tråd med plan. Sidan omsøkte tiltak ligg i LNF-område (pbl gjeld også for tiltak under bakken), treng ein dispensasjon frå plan for dei nye prosjekta. Synlege delar av eksisterande anlegg er vist i gjeldande arealdel med blålilla farge på utsnitt under her. Sidan vi held på med revisjon av arealdelen for tida, kan vi leggje inn dei omsøkte tiltaka der (og oppdatere i høve til dagens anlegg). Men sidan vi ikkje veit sikkert om vi rekk å få planen vedteken før NVE/OED gir løyve til tiltaket, tek vi med eit punkt i tilrådinga, om at det også blir gitt dispensasjon frå dagens plan etter pbl § 19.



*Utsnitt frå gjeldande kommuneplan/arealdelen, blålilla farge er industriområde/næring.*

Innspela våre frå høyringa om KU-programmet ser stort sett ut å vere følgt opp. Planane er i tillegg monaleg endra i høve til Nye Etne, så dette speler også inn. Ein del ekstra informasjon har vi også fått i samband møteverksemd med SKL og forhandlingane om utbyggingsavtalen. I sum har vi eit godt grunnlag for å gjere våre endelege vurderingar av søknaden.

---

Eit par av punkta i tilrådinga, som gjeld bruk av overskotsmassane, ligg for så vidt implisitt i utbyggingsavtalen med SKL, om vidare dialog om detaljane her. Rådmannen tek dei likevel inn i tilrådinga, for å gjere dei litt meir formelle som innspel. Punkt 2 om vegar/akseltrykk og informasjon til entreprenørar er teke med for å understreke behovet, delvis med bakgrunn i røynslene vi og berørte grunneigarar har hatt med transport på vegane dei siste åra i samband med arbeid i fjellet. Tilsvarande gjeld for siste del av punktet, om rutinar og avvik, sjølv om dette inngår i arbeid med miljøoppfølgingsplan nemnt i pkt. 3 (og er omtalt i kapittel for avbøtande tiltak), så tek vi dette med i tilrådinga for å synleggjere tematikken og gjere innspelet meir formelt.

Nokre av innspela våre gjeld NVE sitt vidare arbeid med konsesjonssøknaden, andre går i retning tiltakshavar og oppfølging før og under byggjefasen. Vi vil i tillegg få høve til å kome med innspel på NVE si sluttbefaring med berørte partar, før dei innstiller til OED. EK vil også få høve til å kommentere denne innstillinga.

---

Dersom der kjem endringar i utbyggingsavtalen med SKL i dagane fram mot formannskapsmøte/kommunestyre, vil dette bli opplyst om. Rådmannen si tilråding vil bli tilsvarande oppdatert, dersom behov.

#### Vedlegg i saka:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
----------	--------	--------

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
18.10.2016	Utkast til utbyggingsavtale, 11.10.16	1360653

**Saksgang:**

Formannskap  
Kommunestyre

**Utskrift til:**

NVE på e-post: [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no)